

Bygstad skule

Lokale planar



Sosial kompetanse

Forord

Den lokale læreplanen – sosial kompetanse – er eit resultat av Bygstad skule sitt arbeid med sosialt utviklingsarbeid sidan hausten 2009.

Den sosiale kompetanseplanen skal gje elevar, foreldre og tilsette ved skulen ei felles forståing av kva forventningar planen har til kvar og ein av oss

Felles plattform for god klasseleiing, forelesing av kollega som har hatt om temaet i utdanninga si. Vi tok i bruk skjema for eigen praksis i tema; relasjonskompetanse, regelkompetanse og didaktisk kompetanse. Skjema var utarbeidd av utdanningsdirektoratet

Gjennom handlingsplanen i kvardagen har både skulen, heimen og eleven ei felles forståing, handtering og organisering av den sosiale kompetansen.

I utarbeiding av konflikthandtering har vi rådført oss med Konfliktrådet.

Sosial kompetanse

Overordna mål for Bygstad skule

Opplæringa skal lede til utvikling av heile menneske - det integrerte menneske. Opplæringa skal skje gjennom deltaking, aktivitet og samspel.

Målsetjinga med lokal læreplan for sosial kompetanse

Elevar, foreldre og personale ved Bygstad skule skal ha same kunnskap og forståing om kva som ligg i omgrepet sosial kompetanse, og korleis det verkar inn på læringsmiljøet.

Elevene skal oppleve auka læringsutbytte som følgje av eit betre læringsmiljø.

Skulen som organisasjon skal til ein kvar tid være i stand til å kartlegge, iverksette og evaluere nødvendige tiltak slik at eleven får eit optimalt læringsmiljø.

Sosial kompetanse:

”Eit sett av ferdigheiter, kunnskap og haldningar som trengs for å meistre ulike sosiale miljø i samfunnet.

Sosial kompetanse gjer det mogleg å etablere og vedlikehalde relasjonar og er med på å auke trivsel og fremme vekst”

(Garbarino 1985)

Born og unge treng å utvikle sosiale ferdigheter for å kunne gå inn i positive relasjonar med jamaldringar, foreldre, lærarar og andre vaksne. Born sine fysiske forutsetningar, haldningar og kommunikasjonsferdigheiter verkar inn på den mellommenneskelege sosiale prosessen. Born og unge som ikkje tileignar seg desse ferdigheitane, kan oppleve negative relasjonar til andre born, vaksne og seg sjølv.

Sosial kompetanse er ein forutsetning for verdsetting, vennskap, sosial integrering og inkludering i skulen og elles i samfunnet.

Vår lokale plan for sosial kompetanse skal hjelpe elevane til betre samhandling med personalet ved skulen, jamaldringar og foreldre.

Læreplanen omfattar dei seks fokusområda: **empati, sjølvinnst, sjølvkontroll, ansvar og samarbeid**. Innanfor kvart fokusområde er det sett opp kompetanssmål som igjen er brote ned til heilt konkrete læringsmål / teikn på læring.

1 LÆRARANE SIN KOMPETANSE

- grunnlag for å utvikle god sosial kompetanse hos elevane i skuletida

Elevane si læring er avhengig av at den vaksne har ein bestemt kompetanse –

regelleiingskompetanse, didaktisk kompetanse og relasjonskompetanse. Alle vaksne skal vere gode modellar som grunnlag for elevane si læring.

2 TEIKN PÅ GOD SOSIAL KOMPETANSE

- EMPATI
- SJØLVINNSIKT
- SJØLVKONTROLL
- ANSVAR
- SAMARBEID

3 IVERKSETJING AV SOSIAL KOMPETANSE - førebygging av mobbing

Skulen sin implementering av planen i skulekvardagen

Zippys venner 1. – 4. klasse (eller steg for steg)

Steg for steg 5. – 7.klasse

Handlingsplan i kvardagen

Konfliktløysing

Tilsynsplan – organisering og rapportering

Mobbepan

- Tiltaksplan og prosedyrer ved mobbing

4 SUKSESSKRITERIE FOR GODT SAMARBEID FOR GOD SOSIAL KOMPETANSE

- ELEVEN
- ELEVRÅDET
- FORELDRA
- KOLLEGIET VED SKULEN

5 FORANKRING I LOVVERK OG REGLER

- OPPLÆRINGSLOVA M/FORMÅLSPARAGRAF
- FORSKRIFT OM ORDENSREGLEMENTET


6 VURDERING / EVALUERING AV PLANEN OG ARBEIDET

- Våren 2015

1 LÆRARANE SIN KOMPETANSE

- grunnlag for å utvikle god sosial kompetanse hos elevane

Elevene si læring er avhengig av at den vaksne har ein bestemt kompetanse – **regelleiingskompetanse, didaktisk kompetanse og relasjonskompetanse**. Alle vaksne skal vere gode modellar som grunnlag for eleven si læring.



Felles plattform for god klasseleiing ved Bygstad skule

RELASJONSKOMPETANSE

Vere:

- Tydeleg
- Trygg
- Venleg
- Interessert
- Engasjert
- Motiverande og støttande

Gjere:

- Ha augekontakt
- Bry seg
- Bruke humor positivt(ikkje sarkastisk),
- Skape meistrings - kjensle
- Verdsetje
- Samarbeide
- Syne respekt
- Skape tillit

KOMPETANSE FOR REGELBRUK OG STRUKTUR

Reglar og konsekvens

- Overordna reglar (handlingsplan, konfliktløyning, ordensreglement)
- Klassereglar
- Handling/konsekvens
- Roleg veremåte
- Ros til konkret veremåte i klasse/gruppe

Struktur

- Godt førebudd
- Skape arbeidsro
- Føreseieleg, veremåte og handlingsmåte
- Klare meldingar
- Tydelege vaksne
- Samarbeid med andre vaksne

DIDAKTISK KOMPETANSE

Motivasjon

- Meistringstru
- Tilbakemelding - både på læring og arbeidsinnsats, vere konkret, der og då, også framoverpeik, elevrespons, korleis gje respons?
- Innspel, meiningar frå elevane

Forventningar:

- Både fagleg og sosialt, indre og ytre motivasjonsfaktorar, styrken til enkeltelevar, framtidstru

Integrert kompetanse

- Viktig å vere ein proaktiv klasseleiar, variasjon
- Ha gode strategiar
- Rolla til læraren

Undervisningøkt

- Oppstart: mål og aktivitetar
- Vere presis og førebudd
- Fokus på læring
- Elevane sin førkunnskap
- Avslutt: Fagleg oppsummering
- Overgangar: Variasjon, både gruppe og individuelt
- Rolege overgangar

Tilbakemelding: I klasserommet, i elevgrupper og individuelt. Er


2 Teikn på god sosial kompetanse

EMPATI

Å HA EMPATI MEINAR VI Å KUNNE:

- Kjenne igjen og skilje mellom egne kjensle og andre sine kjensle.
- Sjå situasjonen frå andre sin ståstad, kunne lytte og ta omsyn
- Vise omtanke og respekt for andre sine kjensle og synspunkt
- Rose andre og kunne glede seg over andre sine prestasjonar

Kjenneteikn på empati kan vere:



SJØLVVINNSIKT

Med sjølvvinnssikt meiner ein å:

- Ta initiativ til sosial kontakt på ein passende måte, lese sosiale situasjonar og reagere på andre sine handlingar
- Kunne utrykkje uavhengighet og vise sjølvvinnssikt
- Kunne be om hjelp og informasjon. Kunne hevde sine rettigheter på ein akseptabel måte
- Skaffe seg venner

gjennom gode relasjonar

Kjenneteikn på god sjølvvinnssikt

Eg gjer mitt beste og stolar på at det er godt nok

Eg har tillit til egne evne og gir ikkje opp

Eg veit kva eg kan, og kva eg må jobbe med, for å nå målet

Eg tek sjølvstendige val

Eg deltek i gruppediskusjonar

Det eg meiner seier eg på ein fin måte

Eg prøver å løyse konflikhtar før eg ber vaksne om hjelp

Eg leikar og er saman med alle i gruppa

Eg kan setje ord på kjenslene mine

Eg presenterer meg for ukjente menneske på ein høfleg måte

Eg tek kontakt med andre på ein positiv måte

Eg spør om å få vere med i aktiviteten

I aktiviteten passer eg på at alle får vere med og bestemme

Eg tek imot hjelp frå medelevar

Eg er fornøygd med eige arbeid og eg kan vise det til medelevar

Eg fortel ein vaksen dersom eg vert plaga eller ikkje har det bra

Eg tek vare på meg sjølv og seier frå om det er noko som ikkje er akseptabelt

Eg ser når eg sjølv må stoppe når ein aktivitet held på å forandre retning

SJØLVKONTROLL

Å ha sjølvkontroll betyr å:

- Kunne tilpasse seg fellesskapet og ta omsyn til andre
- Kunne takle konflikter og vere ueinige på ein konstruktiv måte, sjå seg sjølv og sine egne handlingar
- Kunne utsetje egne behov
- Kunne uttrykkje kjensle på ein god og situasjonstilpassa måte

Kjenneteikn på sterk sjølvkontroll




Ansvar

Å vise ansvar vil seie å;

- Følgje reglar og beskjedar
- Vise respekt for eigne og andre sine eigendelar og arbeid
- Ta ansvar for eiga læring både fagleg og sosialt
- Ta ansvar for sin del av fellesoppgåvene og fellesskapet i gruppa
- Ta ansvar for eigne handlingar

Kjenneteikn på ansvar er:




SAMARBEID

Evna til å samarbeide vil seie å:

- Kunne vise omsyn og vere høfleg
- Kunne samarbeide om felles oppgåve
- Kunne halde arbeidsro og skifte mellom arenaer på ein god måte
- Kunne be om hjelp og informasjon. Kunne hevde sine rettigheter på ein akseptabel måte
- Kunne skaffe seg vener gjennom gode relasjonar.

Kjenneteikn på godt samarbeid



3 Handlingsplanar i skulekvardagen

- eit tett samarbeid mellom leiinga, lærarkollegaer, assistentar og heimen.

For at skulen skal bli ein god plass å vere for både born og vaksne er det viktig med trygge gode rammes. Elevane må heilt frå første dag av få ein forståing av at det å vere i gruppe krev noko av kvar og ein av oss. Det er viktig at både store og små er innforstått med dei rammene, reglane og normene som må ligge i skulesystem vårt for at kvardagen skal fungere. Det er også viktig at foreldre er nøye informert om dette slik at det ikkje oppstår misforståing.

Når handlingar oppstår som går utanfor dei rammene og reglane som ligg i systemet treng vi handlingsplanar. Det er viktig at vi vaksne har felles handlingsplan når lik uakseptabel handling blir utøvd.

I klasserommet

Ein overordna regel: Elevane har krav på ro og orden rundt seg slik at alle kan få konsentrere seg om arbeidsoppgåvene sine.

Denne regelen må både store og små forholde seg til og snakke nøye gjennom. For at regelen skal bli gjeldande må vi lage oss ei oversikt over kva for handlingar som er akseptable og kva som ikkje er det. Vi må også snakke nøye gjennom kva vi gjer når dei uakseptable hendingane skjer. Vi må ikkje gjere handlingsplanane til ei "straff". Det er viktig å presisere at dette er noko vi tek i bruk fordi det er noko dei må øve meir på. Eleven som har gjort ei uakseptabel handling skal alltid få ein ny sjanse ved at vi går inn og minner på regelen, og at han/ho har to val, enten følgje regelen, eller øve på å innrette seg etter den.

Slik kan vi øve:

- Dersom elevlar lagar støy, bråk eller berre går og driv i klasserommet må dei takast til side og minnst på regelen om ro og orden i klasserommet. Dei får valet om å ta kontrollen, finne roen og ha fokus på arbeidsoppgåvene, eller forlate klasserommet å øve på dette. Finn dei ikkje roen, tek dei med seg arbeidet og lærar/assistent ledar dei vennleg men bestemt til pulten på rektor sitt kontor.
Samtale med rektor om kva som er vanskeleg.

Eleven gir beskjed når han har funne roen og er klar til å gå tilbake til klasserommet.

Enkelte gonger er avtalen gjort på forhand og eleven veit at dersom han/ho ikkje klarer å ta kontrollen skal han/ho gå til rektor sitt kontor.

- Dersom eleven ikkje kjem i gong med arbeidet, eller nektar å gjere noko i timen må det få konsekvensar. Då må eleven gje av si fritid (friminuttet). Lærar informerer elevane om dette og organiserer det.

• ***I utetida(heile skuledagen)***

Huks!

Har dei som blir plaga sagt "stopp", og dei utøvande fortset, er dette plaging som kan utvikle seg til mobbing.

Det er viktig at alle blir oppmoda til å ta vare på seg sjølve ved å seie "stopp/slutt". Når denne regelen, og reglane nedanfor blir grunnleggande reglar gjennom heile skulesystemet, er mykje allereie gjort.

Hugs!

Ta i bruk konfliktløsning dersom ikkje partane klarar å ordne opp seg imellom.

Du som vaksenperson forvissar deg om partane har ordna opp. Sjekk med ein og ein.

Hugs!

Oppmod dei andre elevane til å seie ifrå dersom dei ser at andre blir plaga eller ikkje har nokon å vere med. Det handlar ikkje om å sladre, men å bry seg !!

•

Dersom elevlar ikkje klarer å innrette seg etter eller fungere innanfor dei normene og reglane som ligg i systemet, må dei følgje handlingsplana som trer i kraft ved uakseptable handlingar. Ser vi at dei uakseptable handlingane blir eit mønster må foreldre/føresette informerast der vi om naudsynt lagar skriftleg avtale.

Denne avtalen skal gjelde både heime og på skulen.

Dersom ikkje heimen og skulen klarer å snu det uakseptable handlingsmønsteret, vil vi i samarbeid med heimen ta kontakt med PPT.

Dersom elevar oppfører seg truande ovanfor andre eller øydelegg for dei, skal alltid den vaksne gripe inn og ” minne dei på”, og på den måten gi dei ein ny sjanse før ein set handlingsplana i kraft.

Dersom det ikkje nyttar med å gje utøvaren/-ane ein ny sjanse må ein føre eleven/elevane bort frå situasjonen og miljøet. Er dei i utgangspunktet på baksida av skulen, må dei forlate den staden og eventuelte gå på framsida og vere. Er episoden av ein meir alvorleg karakter må ein fjerne eleven/-ane heilt vekk frå utemiljøet. Dei må då gå til klasseromma og vere (med tilsyn).

Til og frå skulen: rektor og lærarar har tett og godt samarbeid med Firda Billag, avdeling Førde, avd. Dale og med taxisjåfør. Elevane skal ha ein trygg og god tur til og frå skulen. Dei skal følgje reglane på bussen og ha respekt for både sjåfør og medpassasjerar. Er det nokon som har vanska med å innrette seg, får rektor melding om det, og tek det vidare opp med lærar. Læraren samtalar med elevane det gjeld og får til ei avtale. Etter nokre dagar tek rektor/lærar kontakt med sjåfør for å følgje opp saka. Lærar tek kontakt med heimen/heimane.

Om naudsynt har vi bussmøte kvar veke i enkelte periodar.

Får vi inn klage frå elevar, eller foreldre, på bussjåførar drøftar vi dette med elevane og eventuelt foreldra. Rektor sender klage til den avdelinga sjåføren er tilsett. Elevane får også høve til å uttale seg i eige skriv til Firda Billag eller til fylkeskommunen.

Overordna reglar for oss vaksne i organiseringa av utviklingsprosessen som skal lede eleven inn i ei god sosialisering.

- Bestemt, men audmjuk
- Snu dei negative handlingane gjennom det positive med eleven.
- Elevar med negativt handlingsmønster må vi vaksne ta ekstra godt vare på. Vi må heile tida ta fram dei gode/positive sidene. Desse elevane er ekstra utsette for å bli ”syndebukkar”. Kva holdningar vi vaksne har til desse elevane blir lett oppfatta av dei andre elevane. Tenk på «Per» som fekk skulda sjølv om han ikkje var på skulen.
- Snakke opent i klassen om situasjonen/problemet (etter avtale med foreldre og elev). La medelevane få ei forståing og eit innblikk i problemet. Elevane må få kunnskap og erfaring om korleis dei kan skape eit godt klassemiljø med gode holdningar og handlingar. Alle har eit ansvar! La dei få eit medansvar og vise at dei bryr seg.
- Vi må heile tida tenkje på at bakanfor dei uregjerlige handlingane kan det ligg ei sart sjel som ber/ropar om hjelp..
- Lære elevane og sjå sine eigne handlingar og ta ansvar for desse.
- Lære elevane å passe på seg sjølve, men bry seg om andre.
- Snakke med, og ikkje til eleven.
- Kvar og ein av elevane har eit ansvar for at alle elevane i gruppa er inkludert.
- Kvar og ein av elevane har eit ansvar for å la seg inkludere.

Organisering:

- I konflikter skal elevane sjølve først få sjans til å ordne opp seg i mellom.
- Dersom dei ikkje klarer å ordne på eiga hand må kontaktlærer/lærer ta konfliktløsning med dei.
- Er dette ei djupare/vanskeligare konflikt som er så tidkrevjande at det vil gå utover dei andre elevane i klassen og undervisninga – må den først vidare til rektor. Rektor får då ansvaret å følgje opp saka vidare.
- Er det ein elev med åtferdsproblem som har utvikla eit negativt mønster både for seg sjølv og for klasse miljøet skriv vi avtale/kontrakt med heimen. Avtalen skal gjelde både heime og på skulen. I dette samarbeidet er som oftast eleven sjølv, spespedkoordinator, kontaktlærer, heimen og rektor som i fellesskap utarbeider ei slik avtale. Etter at avtalen er ferdig utarbeidd skriv alle under. Rektor følgjer ofte eleven opp med korte dagleg samtale, eller samtalar etter behov.

Lagt fram i kollegiet august 2009

Evaluert og revidert 2012

Rektor: Kirsten Råheim


Tillitsvald: Lillian Kårstad

3 Øve opp god sosial kompetanse gjennom konfliktløsning

Konfliktløsning

Med konfliktløsning skal læring og utvikling på det sosiale plan ligge som overordna mål. Å finne ein synde bukk er ikkje målet, men at kvar og ein av dei involverte skal sjå sine eigne handlingar og ta ansvar for desse. Elevane skal finne eigne løysingar for kva ein kan gjere for at dette ikkje skal gjenta seg.

Er handlingane vorte eit mønster må vi ofte jobbe både individuelt, i gruppe/klasse og saman med foreldra for å få innsikt i, og samarbeide om utfordringane. Vi lagar ein felles avtale slik at alle partar tek i bruk felles løysingar og strategiar for å nå målet. Vi må også lære elevane at i ei gruppe/klasse har vi alle eit medansvar for å skape eit positivt miljø. Elevane må få øve seg på og få læring om korleis dei blir gode samarbeidspartnarar uansett samansettinga av gruppa. Elevane må få innsikt i korleis dei fungerer i samhandling og som medmenneske. Dei må lære dei rette «kodane» i sosialiseringprosessen for å kunne fungere godt i samfunnet



3 SKULEN SITT ARBEID MOT MOBBING OG PROSEDYRANE

- 0.1 Kva seie lova om mobbing?
- 0.2 Kva seie lova om råd og utval?
- 0.3 Skulen sitt arbeid som frebyggjer mobbing gjennom; Zippys venner 1.- 4. kl. Steg for steg 5. - 7. kl, mobbeplan, konfliktløysing og handlingsplan.
- 0.4 Det hierarkiske ansvaret.

1. AVDEKKING AV MOBBING

- 1.1 Årleg undersøking av omfanget av mobbing ved skulen
 - erlevsamtaler
 - elevundersøkinga
 - spørreskjema i høve klassemiljøet
 - teikne sosiogram
- 1.2 Vakt og tilsynsordning – observere og rapportere
- 1.3 Konfliktløysing - dokumentasjon
- 1.4 Kommunikasjon lærer – elev – foreldre
- 1.5. Foreldra sin klagerett

2.0 OPPFØLGING NÅR MOBBING er meldt

- 2.1 Prosedyrane ved skulen når mobbing er meldt eller avdekkja; rask iverksetting – møter, samtaler og observering. Tett og god dialog med heimane det gjeld
 - enkeltvedtak
 - klageretten
 - 2.2 Samarbeid med andre instansar ved mobbing – PPT og helsesøster
 - 2.3 Arbeid i etterkant av ei mobbesak - elevarbeid gjennom steg for steg eller Zippys venner
 - 2.4 Arbeidet i etterkant av ei mobbesak - organisasjonsarbeid
- Gjennomgang av prosedyrane – kva kan vi bli betre på?

3. FØREREBYGGING

- 3.1. gode planar i skulekvardagen som førebyggjer mobbing
- 3.2. Relasjon lærar – klasse/ gruppe . Relasjon lærar – elev. Relasjon elev - elev . RESPEKT - SAMHANDLING
- 3.3 Styrking av læringsmiljøet - gode rutinar og overordna reglar
- 3.4 Relasjon lærar - foreldre
- 3.6 Skulen sitt samarbeid med heimen
- 3.7 Skulestart
- 3.8 Klasse/ gruppestart
- 3.9 Overgangen mellom barnehage-skule/ SFO og mellom skuleslaga

4. KONTINUITET

4.1 Ansvarskjede – sjå stillingsinstruks og tilsynsplan

4.2 Rapportering, skriftleg - dokumentasjon

4.3 Planane skal setjast på dagsorden frå første skuledag, årleg gjennomgang og revidering av planen.

4 Suksesskriteria for god sosial kompetanse

- Gode førebyggjande handlingsplanar og strategiar i læringsmiljøet
- Godt samarbeid mellom heim-skule, tydelige gode beskjedar
- Ros og oppmuntring. Forandre det negative gjennom det positive
- Grensesetting

4.0 Eleven

Elevene skal vere engasjert i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og sikkerhet ved skulen. Skulen skal legge til rette oppgåver alt etter kva som er naturleg på det aktuelle steget elevene er på. (Opplæringsloven § 9a – 5)

Skulen skal byggje på læring og kunnskap som elevane sjølv skal vere med på å skape og erfare. Læraren skal ta i bruk elevane sine erfarte situasjonar som utgangspunkt for arbeid med sosiale ferdigheter.

Det skal vere mogleg for elevane å delta i sosialiseringssplanen ved å medverke, påverke og skape på følgjande områder:

Klassereglar og fellesreglar

Klasseråd og elevråd

Fadderordning

Elevsamtale

Elevundersøkinga

Vernerunde/internkontroll

SU - møte

4.1 Elevrådet

Elevrådet har ansvar for å fremme fellesinteressene for elevane på skulen og arbeide for å skape eit godt lærings- og skulemiljø. (Opplæringslovens § 11-2)

Gjennomgang av mobbeplan ved skulestart

Gjennomgang av reglar som gjeld på andre områder enn klasserommet og uteområdet

Gjennomgang av skulen sine ordensreglar

Gjennomgang av handlingsplanar i skulekvardagen.

4.2 Foreldra

§ 1-1. Formålet med opplæringa

Opplæringa i skulen skal i **samarbeid** og **forståing** med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring.

Forventningar til foreldredeltaking:

- Heim- skule samarbeid: Utviklingssamtale med gjensidig ansvar og plikt.

- Møte på foreldremøte
- Samarbeid med klassekontaktane og bruk av FUG-materiell
- Temakveld/sosial kveld/klassefestar
- FAU kan initiere saker som handlar om læringsmiljøet

Klargjering av forventningar

Ved starten av kvart skuleår kan det være ein fordel å klargjere forventningar mellom skule og heim. Kva kan foreldra forvente av skulen? Kva forventar skulen av foreldra?

Forventningar til Bygstad skule : På Bygstad skule samarbeider vi med foreldra fordi dette er til eleven sitt beste. Elevane er vårt felles ansvar. Dei skal vere trygge på at lærarar og foreldre samarbeider om læringa og utviklinga deira. Samarbeidet vårt er prega av gjensidig tillit, respekt og lojalitet.

- Vi er godt førebudde i møte med elevane. Vi har ansvar for barnet i skuletida, og legg til rette og tek ansvar for eit godt læringsmiljø, læring og utvikling.
- Alle elevar er unike, likeverdige og skal visast respekt, uansett det personlege, åtferd, kulturell bakgrunn, religion og prestasjonar
- Vi gir tydelege og jamlege tilbakemeldingar på eleven si læring og utvikling.
- Alle elevar skal ha utbytte av undervisninga i eit trygt og inkluderande miljø.
- Vi gir informasjon om det som skjer på skulen via årsplaner, vekeplanar, infohefte og andre informasjonsskriv.
- Vi svara på henvending frå heimane, melding på telefon og e-post.
- Vi gjennomfører foreldremøter og utviklingssamtaler, og har elles kontakt med heimane når det er hensiktsmessig for eleven sin faglege eller sosiale utvikling
- Vi føl opp avtalar som er inngått
- Vi er opne for innspel og meiningar frå foreldra om skulen vår
- Vi legg vekt på eleven sin trivsel, tryggleik og læring, og arbeider aktivt for å førebyggje mobbing
- Får vi bekymringsmelding frå foreldre, føl vi raskt opp
- Får vi klagesaker føl rektor raskt opp og iverksett prosedyrane
- Informere foreldra om endringar
- Informere om rette til å klage.

Forventningar til foreldra:

- Bidra til eit godt klassemiljø
- Ikkje negativ omtale av skulen i borna sitt påhøyr
- Har ansvar for at barnet møter presis og utkvilt til skuledagen, og for at barnet har med seg nødvendig skuleutstyr, klede og skulemat
- Sjå etter at leksene er gjort
- nytt meldingsboka
- Skal sørge for at barnet har ete frukost og er klar til å ta fatt på oppgåvene som skulekvardagen byr på
- Ha samtale med barnet om skuledagen, halde seg oppdatert om gjennomføring og utvikling i skulearbeidet, både sosialt og fagleg. Barnet er representert på utviklingssamtaler når skulen legg opp til det
- Følgje med på kva borna tek seg til på sosiale medier, sjå nettreglar

- Ta kontakt med kontaktlærer straks de merkar at barnet ikkje trivast på skulen. Det er og høve til å ta kontakt med rektor ved skulen
- Ta kontakt med rektor angående klagesaker
- Les informasjon frå skulen, og returner etterspurte underskrifter og tilbakemeldingar innafor tidsfristen
- La barnet vere heime ved sjukdom. Barnet vert henta på skulen ved akutt sjukdom eller skade. Meldingsboka vert brukt når fråværet er over
- Ser etter at barnet ikkje vert teken ut av den ordinær undervisninga utan i naudsynte situasjonar. Mykje fråvær påverkar læringsarbeidet negativt. Permisjon må søkjast om i god tid før uttaket slik at skulearbeidet kan gjennomførast før uttaksperioden.
- Hald kontakt med kontaktlæraren og gi informasjon når noko oppstår som kan ha innverknad på skuledagen til barnet
- Ta straks kontakt med lærar eller leiinga ved skulen viss de lurar på noko, er bekymra, eller vil gi "ros eller ris".
- Følg opp inngåtte avtalar
- Oppdaterer skulen i forhold til telefonnummer og e-post slik at vi kan nå dykk på dagtid ved behov

Opplæringslova 9 A

§ 9A-1. Generelle krav

Alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9A-2. Det fysiske miljøet

Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skulen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid anbefalar. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skulen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skulen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skulen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skulen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i Forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i Forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

§ 9A-3. Det psykososiale miljøet

Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Dersom nokon som er tilsett ved skulen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.

Dersom ein elev eller forelder ber om tiltak som vedkjem det psykososiale miljøet, deriblant tiltak mot krenkjande åtferd som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal skulen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i Forvaltningslova. Om skulen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i Forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

§ 9A-4. Systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)

Skulen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skuleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

§ 9A-5. Elevdeltaking i skulemiljøarbeidet

Elevane skal engasjerast i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske arbeidet for helse, miljø og tryggleik ved skulen. Skulen skal leggje oppgåver til rette for elevane etter kva som er naturleg for dei enkelte årstrinna.

Elevrådet kan nemne opp skulemiljørepresentantar til å vareta elevane sine interesser overfor skulen og myndigheitene i saker som har med skulemiljøet å gjere. Skulemiljørepresentantane deltek i planlegginga og gjennomføringa av det systematiske helse-, miljø- og tryggingsarbeidet ved skolen i den grad det vedkjem skulemiljøet for elevane.

Elevane kan møte med inntil to skulemiljørepresentantar i arbeidsmiljøutvalet eller anna samarbeidsorgan der eit slikt er oppretta ved skulen i samsvar med Arbeidsmiljøloven kapittel 7,

når dette behandlar spørsmål som vedkjem skulemiljøet for elevane. Skulemiljørepresentantane har da talerett og rett til å få meininga si protokollert. Skulemiljørepresentantane skal ikkje vere til stades når utvalet behandlar saker som er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter. Skulemiljørepresentantane har rett til den informasjon som trengst for oppdraget, så langt informasjonen ikkje er omfatta av teieplikt etter lover eller forskrifter. Skulemiljørepresentantane har rett til den opplæring og det fritak frå undervisningstimar som trengst for å skjøtte oppgåvene.

§ 9A-6. Informasjonsplikt og uttalerett

Samarbeidsutvalet, skuleutvalet, skulemiljøutvalet og dessutan elevrådet og foreldrerådet skal haldast løpande underretta om alle tilhøve - deriblant hendingar, planar og vedtak - som har vesentleg betydning for skulemiljøet. Råda og utvala har på førespurnad rett til å få framlagt dokumentasjon for det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet ved skolen. Råda og utvala som er nemnde i første ledd, skal så tidleg som mogleg takast med i planlegginga og gjennomføringa av miljøtiltak ved den enkelte skulen, og har rett til å uttale seg og komme med framlegg i alle saker som har betydning for skulemiljøet. Dersom skulen blir klar over tilhøve ved skulemiljøet som kan ha negativ verknad for helsa til elevane, skal elevane og dei føresette snarast mogleg varslast om det.

§ 9A-7. Straff

Med bøter eller fengsel i inntil 3 månader eller begge delar blir den straffa som forsettleg eller aktlaust bryt krava i dette kapitlet eller i forskrifter gitt i medhald av det. Medverknad blir straffa på same måten.

§ 9A-8. Skulefritidsordninga

Føresegnene i dette kapitlet gjeld også for skulefritidsordning oppretta etter lova her.

Evaluert og ferdigstilt våren 2015

Kirsten Råheim

- rektor

Anita Øvreås Rusken

- tillitsvald

Vedlegg, nytt hausten 2015

Evaluert hausten 2017.

Vedlegg: Opplæringslova – nytt i kapittel 9 A

Systemretta arbeid

Aktivitetsplan

Kirsten Råheim

- rektor

Anita Øvreås Rusken

- tillitsvald

1. Innleiing

Ein elev som mobbar eller på anna måte krenkar andre kan flyttast til ein anna skule dersom omsynet til dei andre elevane krev det. Opplæringslova § 8-1 fjerde led føl opp dette. Endringa trådte i kraft 24. april 2015.

2. Bakgrunn

For at det skal vere klart at den som mobbar, i visse tilfelle kan flyttast til ein annan skule, og for å unngå at eleven som blir mobba, blir nøydd til å byte skule, foreslår departementet at høvet til å flytte mobbaren går direkte fram i opplæringslova § 8-1 fjerde ledd.

2. Lovendringane

Opplæringsloven § 8-1 fjerde ledd lyder nå (endringene står i kursiv):

Ein elev kan i særlege tilfelle flyttast til ein annan skule enn den skulen eleven har rett til å gå på etter første ledd, dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det. Grunnen til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar. Før det blir gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Når det er nødvendig, kan eleven flyttast til ein skule utanfor kommunen, men ikkje slik at eleven må flytte ut av heimen eller at skuleskyssen blir uforsvarleg lang.

Kirsten Råheim

rektor

Bakgrunn for nytt kapittel i Opplæringslova 9A

Det nye regelverket skal styrke rettighetane til elevar og foreldre til elvane som vert mobba. Det skal vere eit effektivt verkemiddel mot mobbing og dårleg skulemiljø. Tydelegare og strengare krav til kva skulen skal gjere når elevar vert mobba, eller ikkje har det trygt og godt på skulen. Null toleranse mot mobbing.

Regelverket set standar og plasserer ansvar og plikter til skuleleiar og tilsette ved skulen.

Skulen skal førebyggje mobbing og aktivt jobbe for eit trygt og godt skulemiljø. Sjå Sosial kompetanseplan.

Enkeltvedtak vert erstatta av aktivitetsplan.

Skulen skal handle raskt og effektivt i enkeltsaker.

Dersom saka ikkje vert sett raskt og riktig i verk av skuleleiar, skal elevar og foreldre få prøvd ut saka av Fylkesmannen. Skuleeigar som ikkje følgjer vedtaket til Fylkesmannen eller Utdanningsdirektoratet kan få dagbøter.

Kjem det klage på tilsette ved skulen skal klagen gå til rektor som sender den vidare til skuleeigar. Tidlegare kunne skuleeigar delegere ansvaret tilbake til skuleleiinga, men no er det skuleeigar som tek saka vidare.

Kjem det klage på skuleleiinga kan den meldast direkte til skuleeigar.

Kirsten Råheim

- rektor

Hovudpunkta som er nytt i kapittel 9A

§ 9A-1. Generelle krav

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

SFO og leksehjelp, § 9A - 1

Kapitte 9A gjeld også for elevar i SFO og leksehjelp. Unnateke av regelen § 9A - 10 Ordensreglementet og § 9 - 11 Bortvising

Retten til eit trygt og godt miljø, §9A - 2

Alle elevar har rett til eit trygt og godt miljø som fremmar helse, trivsel og læring

Nulltoleranse mot mobbing og skulen sitt systematiske arbeid, § 9A - 3

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vold, diskriminering og trakassering.

Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremme helse, miljø og sikkerheit til elevane. Sjå sosial kompetanseplan for Bygstad skule.

Rektor har ansvar for at dette vert gjort.

Aktivitetsplikt, § 9A - 4

Skulen si plikt til å handle i mobbesaker er skjerpa og konkretisert gjennom ei ny aktivitetsplan.

Skulen har:

- plikt til å følgje med
- plikt til å gripe inn i akutte situasjonar
- plikt til å varsle skuleleiar om all mistanke og kjennskap til
- plikt til å varsle skuleeigar
- plikt til å setje inn tiltak når elevar ikkje har eit trygt og godt skulemiljø

Skjerpa aktivitetsplikt, § 9 A - 5

Dersom ein tilsett får mistanke om eller kjennskap til at en annan tilsett utset ein elev for krenking som mobbing, vold, diskriminering, og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigar.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigar varslast direkte av den som fekk mistanken eller kjenskap til krenkinga. Undersløking etter § 9 A – 4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Den subjektive opplevinga til eleven er det som løyser ut den delen av aktivitetsplane.

Den subjektive opplevinga til eleven er ikkje den avgjerande om det skal setjast inn tiltak.

Vurderinga om alle forhold rundt eleven objektivt sett er slik at eleven kan ha det trygt og godt på skulen.

Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker, § 9 A - 6

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller forelder melde saka til fylkesmannen. Saka må då ha vore teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter § 9 A – 4 og § 9A – 5 er oppfylgt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller det er under ei veke sidan den vart teken opp, skal fylkesmannen avvise saka. Er det særlege grunnar for at dette vert urimeleg, vert det unnateke regelen.

Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skulemiljøet på skulen der eleven går når saka vert meldt til fylkesmannen.

Skulen og skuleeigar skal utan hinder av lovfesta teieplikt legge fram alle opplysningane som fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal syte for at involverte elevar vert høyrte. Kva som er best for eleven, skal vere eit grunnleggjande omsyn i fylkesmannen si saksbehandling.

Kjem fylkesmanne til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta § 9 A – 4 og § 9 A – 5, kan fylkesmannen vedta kva skulen skal gjere for å sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det skal setjast inn frist for gjennomføringa av vedtaket og fylkesmannen skal følgje opp saka.

Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skulen sitt ordensreglement, jf. 8 – 1 fjerde ledd.

Avgjerda til fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan klagast på etter reglane i forvaltningslova. Skuleeigar har ikkje klagerett.

Elevdeltaking i skulemiljøet, § 9A - 8

Elevane skal delta i planlegginga og gjennomføringa av eit trygt og godt skulemiljø. Elevrådet kan oppnemne representantar til å vareta elevane si interesse

Dersom det finst arbeidsmiljøutval eller liknade organ ved skulen, kan elevane møte med opptil to representantar når utvalet saksbehandlar saker som gjeld skulemiljøet.

Representantane skal verte kalla inn til møta med talerett og med rett til å få protokollført meininga si. Dei skal ikkje vere tilstades når utvalet behandlar saker som inneheld opplysningar som omfatta lovfesta teieplikt.

Om nødvendig har dei rett til opplæring for å skjømte oppgåvene og rett til fritak frå undervisninga.

Kirsten Råheim

rektor

Opplæringslova 9A

§ 9a-3 Det psykososiale miljøet

Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte elev kan oppleve tryggleik og sosialt tilhøyr

Systemretta arbeid ved Bygstad skule

Oppgåve/tiltak	Ansvar	Tidspunkt
Sosial kompetanseplan: <ul style="list-style-type: none">- Følgje opp og gjennomføre- Forebyggje mobbing	Rektor, lærarar elles alle ved skulen. Felles plattform for eleven, heimen og skulen	Kvart år
Handlingsplanar i kvardagen	Alle ved skulen	Kvart år og etter behov
Konfliktløysing	Lærarar/rektor	Kvart år og etter behov
Elevundersøkinga 5. – 7. kl	Rektor/kontaktlærar	Kvart år
Aktivitetsplikt:	Alle tilsette ved skulen	Heile skuleåret
Aktivitetesplan	Rektor	Heile skuleåret
Førebyggje mobbing Sosial kompetanse: <ul style="list-style-type: none">- Zippys venner og steg for steg, 1. – 4. kl- Steg for steg, 5. – 7. kl	Kontaktlærara/faglærarar Jamleg tiltak	Heile skuleåret
Tidleg innsats <ul style="list-style-type: none">- styrking i klassen- økter- lesegruppe- 25% regelen	Rektor	Kvart år
Elevsamtaler Pålagt med to samtaler for året. Elles etter behov	Kontaktlærar	Kvart år
Foreldresamtale Pålagt med to samtaler for året, elles etter behov	Kontaktlærar/forelder/elev	Kvart år
Elevdeltaking i arbeidet med eit godt skulemiljø Lagar eigen klasseromsreglar	Er med på HMS – runder på skulen	2 gonger i året
Elevrådet To representatar vert innkalla til SU - møta	Rektor/medansvarleg SU – møte, to gonger i skuleåret	Jamleg gjennom året Rektor kallar inn

Aktivitetsplan for Bygstad skule

Jf Opplæringslova § 9a – 3 og § 9a – 1

Eleven sitt namn fødselsdato: Klasse: Dato for melding: Meldar:
Sjølve saka
Kven har ansvaret for tiltaket: Tidspunkt for tiltaket: Tidspunkt for evaluering av tiltaket:
Tiltaksplan:
Når det gode og trygge skulemiljøet er i balanse igjen, kan tiltaksplana opphøre.

Bygstad skule.....

Kirsten Råheim

rektor